

## KOMMISJONSVEDTAK

2009/EØS/69/11

av 21. februar 2006

**om endring av vedtak 93/52/EØF med omsyn til fråsegna om at Polen og visse provinsar eller regionar i Italia er frie for brucellose (*B. melitensis*), og vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at visse provinsar eller regionar i Italia er frie for bovin tuberkulose, bovin brucellose og enzootisk bovin leukose(\*)**

[meldt under nummeret K(2006) 490]

(2006/169/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om  
dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor  
Felleskapet<sup>(1)</sup>, særleg vedlegg A avsnitt I nr. 4, vedlegg A  
avsnitt II nr. 7 og vedlegg D avsnitt I del E,

med tilvising til rådsdirektiv 91/68/EØF av 28. januar 1991  
om krav til dyrehelse ved handel med sau og geit innenfor  
Felleskapet<sup>(2)</sup>, særleg vedlegg A kapittel 1 avsnitt II, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Listene over regionar i medlemsstatar som er godkjende som frie for brucellose (*B. melitensis*) i samsvar med direktiv 91/68/EØF, er førde opp i kommisjonsvedtak 93/52/EØF av 21. desember 1992 om konstatering av at visse medlemsstater eller regioner oppfyller vilkårene med hensyn til brucellose (*B. melitensis*), og om anerkjenning av deres status som medlemsstater eller regioner offisielt fri for denne sykdommen<sup>(3)</sup>.
- 2) Polen har sendt over til Kommisjonen dokumentasjon som syner at heile territoriet til staten stettar dei krava som er fastsette i kapittel 1 avsnitt II nr. 1 bokstav b) i vedlegg A til direktiv 91/68/EØF. I tillegg har Polen plikta seg til å stette visse andre krav som er fastsette i direktiv 91/68/EØF med omsyn til stikkprøver som skal utførast når Polen er godkjend som fri for brucellose.

- 3) Polen bør difor godkjennast som offisielt fri for brucellose (*B. melitensis*) hjå driftseiningar for sauer eller geiter.

- 4) I regionen Friuli Venezia Giulia, provinsen Savona i regionen Liguria, provinsen Isernia i regionen Molise og provinsen Pescara i regionen Abruzzo er minst 99,8 % av driftseingane for sauer eller geiter offisielt frie for brucellose. I tillegg har desse provinsane og den nemnde regionen plikta seg til å stette visse andre krav som er fastsette i direktiv 91/68/EØF med omsyn til stikkprøver som skal utførast når dei provinsane som det gjeld, er godkjende som frie for brucellose.

- 5) Region Friuli Venezia Giulia, provinsen Savona i regionen Liguria, provinsen Isernia i regionen Molise og provinsen Pescara i regionen Abruzzo bør difor godkjennast som offisielt frie for brucellose (*B. melitensis*) med omsyn til driftseiningar for sauer eller geiter.

- 6) I direktiv 64/432/EØF er det fastsett at medlemsstatar eller delar eller regionar i desse kan verte godkjende som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose hjå storfebuskarar, på det vilkåret at visse krav i direktivet er stetta.

- 7) Listene over regionar i medlemsstatar som er godkjende som frie for bovin tuberkulose, bovin brucellose og enzootisk bovin leukose, er fastsette i kommisjonsvedtak 2003/467/EF av 23. juni 2003 om fastsetjing av status for storfebuskarar i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose<sup>(4)</sup>.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 57 av 28.2.2006, s. 35, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 140/2006 av 8. desember 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitere forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 15 av 29.3.2007, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 1/2005 (TEU L 3 av 5.1.2005, s. 1).

<sup>(2)</sup> TEF L 46 av 19.2.1991, s. 19. Direktivet sist endra ved direktiv 2005/932/EF (TEU L 340 av 23.12.2005, s. 68).

<sup>(3)</sup> TEF L 13 av 21.1.1993, s. 14. Vedtaket sist endra ved vedtak 2005/764/EF (TEU L 288 av 29.10.2005, s. 56).

<sup>(4)</sup> TEU L 156 av 25.6.2003, s. 74. Vedtaket sist endra ved vedtak 2005/764/EF.

- 8) Italia har sendt over til Kommissjonen dokumentasjon som syner at alle krava i direktiv 64/432/EØF er stetta med omsyn til provinsane Pescara i regionen Abruzzo med sikte på at denne provinsen kan verte godkjend som offisielt fri for tuberkulose hjå storfebuskarar.
- 9) Italia har sendt over til Kommissjonen dokumentasjon som syner at alle krava i direktiv 64/432/EØF er stetta med omsyn til provinsane Pistoia og Siena i regionen Toscana, provinsen Rieti i regionen Lazio, provinsen Milano i regionen Lombardia, provinsane Imperia og Savona i regionen Liguria, provinsen Pescara i regionen Abruzzo og regionen Friuli Venezia Giulia med sikte på at desse provinsane og den nemnde regionen kan godkjennast som offisielt frie for brucellose hjå storfebuskarar.
- 10) Italia har òg sendt over til Kommissjonen dokumentasjon som syner at alle krava i direktiv 64/432/EØF er stetta med omsyn til provinsane Pesaro, Ancona og Macerata i regionen Marche, provinsane Rieti og Frosinone i regionen Lazio, provinsen Imperia i regionen Liguria, provinsen Pescara i regionen Abruzzo og regionen Friuli Venezia Giulia med sikte på at desse provinsane og den nemnde regionen kan godkjennast som offisielt frie for enzootisk bovin leukose hjå storfebuskarar.
- 11) Som følge av vurderinga av den dokumentasjonen som Italia har lagt fram, bør dei provinsane og den regionen som det gjeld, godkjennast som offisielt frie for høvesvis bovin tuberkulose, bovin brucellose og enzootisk bovin leukose.
- 12) Vedtak 93/52/EØF og 2003/467/EF bør difor endrast.
- 13) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Vedlegg I og II til vedtak 93/52/EØF vert endra i samsvar med vedlegg I til dette vedtaket.

*Artikkel 2*

Vedlegg I, II og III til vedtak 2003/467/EF vert endra i samsvar med vedlegg II til dette vedtaket.

*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 21. februar 2006.

*For Kommissjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommissjonen*

## VEDLEGG I

I vedlegg I og II til vedtak 93/52/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1. Vedlegg I skal lyde:

## «VEDLEGG I

## MEDLEMSSTATER

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
IE	Irland
LU	Luxembourg
HU	Ungarn
NL	Nederland
AT	Østerrike
PL	Polen
SI	Slovenia
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige
UK	Det forente kongerike»

2. Vedlegg II skal lyde:

## «VEDLEGG II

I Frankrike:

Departementer:

Ain, Aisne, Allier, Ardèche, Ardennes, Aube, Aveyron, Cantal, Charente, Charente Maritime, Cher, Corrèze, Côte-d'Or, Côtes-d'Armor, Creuse, Deux-Sèvres, Dordogne, Doubs, Essonne, Eure, Eure-et-Loire, Finistère, Gers, Gironde, Haute-Loire, Haute-Saône, Haute-Vienne, Hauts-de-Seine, Ille-et-Vilaine, Indre, Indre-et-Loire, Jura, Loir-et-Cher, Loire, Loire-Atlantique, Loiret, Lot, Lot-et-Garonne, Lozère, Maine-et-Loire, Manche, Marne, Mayenne, Morbihan, Nièvre, Nord, Oise, Orne, Pas-de-Calais, Puy-de-Dôme, Rhône, Saône-et-Loire, Sarthe, Seine-Maritime, Seine-Saint-Denis, Territoire de Belfort, Val-de-Marne, Val-d'Oise, Vendée, Vienne, Ville de Paris, Vosges, Yonne, Yvelines.

I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara.
- Regionen Friuli-Venezia Giulia.
- Regionen Lazio: provinsene Rieti og Viterbo.
- Regionen Liguria: provinsen Savona.

- Regionen Lombardia: provinsene Bergamo, Brescia, Como, Cremona, Lecco, Lodi, Mantova, Milano, Pavia, Sondrio og Varese
- Regionen Marche: provinsene Ancona, Ascoli Piceno, Macerata, Pesaro og Urbino.
- Regionen Molise: provinsen Isernia.
- Regionen Piemonte: provinsene Alessandria, Asti, Biella, Cuneo, Novara, Torino, Verbania og Vercelli.
- Regionen Sardinia: provinsene Cagliari, Nuoro, Oristano og Sassari.
- Regionen Trentino-Alto Adige: provinsene Bolzano og Trento.
- Regionen Toscana: provinsene Arezzo, Firenze, Grosseto, Livorno, Lucca, Massa-Carrara, Pisa, Pistoia, Prato og Siena.
- Regionen Umbria: provinsene Perugia og Terni.

I Portugal:

Den autonome region Azorene.

I Spania:

Den autonome region Kanariøyene: provinsene Santa Cruz de Tenerife og Las Palmas.»

---

*VEDLEGG II*

I vedlegg I, II og III til vedtak 2003/467/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. I vedlegg I skal kapittel 2 lyde:

**«KAPITTEL 2****Regionar i medlemsstatane som er offisielt frie for tuberkulose**

I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara.
- Regionen Lombardia: provinsane Bergamo, Como, Lecco og Sondrio.
- Regionen Marche: provinsen Ascoli Piceno.
- Regionen Toscana: provinsane Grosseto og Prato.
- Regionen Trentino-Alto Adige: provinsane Bolzano og Trento.»

2. I vedlegg II skal kapittel 2 lyde:

**«KAPITTEL 2****Regionar i medlemsstatane som er offisielt frie for brucellose**

I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara.
- Regionen Emilia-Romagna: provinsane Bologna, Ferrara, Forli-Cesena, Modena, Parma, Piacenza, Ravenna, Reggio Emilia og Rimini.
- Regionen Friuli-Venezia Giulia.
- Regionen Lazio: provinsen Rieti.
- Regionen Liguria: provinsane Imperia og Savona.
- Regionen Lombardia: provinsane Bergamo, Brescia, Como, Cremona, Lecco, Lodi, Mantova, Milano, Pavia, Sondrio og Varese.
- Regionen Marche: provinsen Ascoli Piceno.
- Regionen Piemonte: provinsane Alessandria, Asti, Biella, Novara, Verbania og Vercelli.
- Regionen Sardinia: provinsane Cagliari, Nuoro, Oristano og Sassari.
- Regionen Toscana: provinsane Arezzo, Grosseto, Livorno, Pisa, Pistoia, Prato og Siena.
- Regionen Trentino-Alto Adige: provinsane Bolzano og Trento.
- Regionen Umbria: provinsane Perugia og Terni.

I Portugal:

- Den autonome regionen Azorane: øyane Pico, Graciosa, Flores og Corvo.

I Det sameinte kongeriket:

- Storbritannia: England, Skottland og Wales.»

3. I vedlegg III skal kapittel 2 lyde:

**«KAPITTEL 2****Regionar i medlemsstatane som er offisielt frie for enzootisk bovin leukose**

I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara.
- Regionen Emilia-Romagna: provinsane Bologna, Ferrara, Forli-Cesena, Modena, Parma, Piacenza, Ravenna, Reggio Emilia og Rimini.

- 
- Regionen Friuli-Venezia Giulia.
  - Regionen Lazio: provinsane Frosinone og Rieti.
  - Regionen Liguria: provinsen Imperia.
  - Regionen Lombardia: provinsane Bergamo, Brescia, Como, Cremona, Lecco, Lodi, Mantova, Milano, Pavia, Sondrio og Varese.
  - Regionen Marche: provinsane Ancona, Ascoli Piceno, Macerata og Pesaro.
  - Regionen Piemonte: provinsane Alessandria, Asti, Biella, Cuneo, Novara, Torino, Verbania og Vercelli.
  - Regionen Toscana: provinsane Arezzo, Firenze, Grosseto, Livorno, Lucca, Massa-Carrara, Pisa, Pistoia, Prato og Siena.
  - Regionen Trentino-Alto Adige: provinsane Bolzano og Trento.
  - Regionen Umbria: provinsane Perugia og Terni.
  - Regionen Val d'Aosta: provinsen Aosta.»
-